

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Nyttårsdag/Jesu namnedag – 1. januar 2013

Preiketekst: Matt 18, 19-20

Lesetekst I: Sal 72,17-19

Lesetekst II: Rom 10,8b-13

Lat 2013 verta eit bønear

Til dagen

Dagen har to openberre forhold med seg. For det første er det starten på det nye året, og sjølv om dei intense nyttårshelsingane er gjort unna like etter midnatt, så er dette også eit høve til både å helse kvarandre eit velsigna nytt år, og gi hjelp til å legge det gamle bak. Derfor kan syndsvedkjenninga og tilseiinga av tilgjevinga særleg fokuserast denne dagen. Nattverd vil også vere på sin plass. I kyrkjeåret er dette for det andre Jesu namnedag, til minne om då foreldra bar han til templet for å omskjærast – som ein kvar sann jødisk gut, og for å stadfeste det namnet som engelen hadde instruert: Jeshua – Herren frelser. Han som skulle bli det sanne templet, blir boren inn i sitt eige folks tempel og dreg derifrå med det namnet som sette kursen hans. Her ligg mykje brytning av ny og gammal pakt.

Til teksta

Teksta er kort. Den er henta frå eit sentralt avsnitt hos Matteus der Jesus talar om den flokken som følgjer han, himmelrikets barn. Hans Kvalbein har ført ein truverdig argumentasjon for at “dei minste” som konteksten talar om (v.6.10.14), er eit uttrykk for dei som følgjer Jesus i tru og kjærleik, nettopp med det vesle barnet som modell (v.1-5). At det er slik, kjem også fram av at Jesus samtidig snakkar om seg sjølv som gjetaren, om flokken som følgjer han, og om den eine som går seg vill (v.12f).

Alt dette bygger opp til vår korte tekst. Mange forskarar meiner dette ikkje er ord frå Jesus, men ord frå den seinare kyrkjesituasjonen, særleg orda om kyrkjetukta (v.15-18). Versa heng likevel godt saman med konteksten, og dei fleste motiva der er godt gjenkjennelege frå Jesu undervisning elles. Vi held fast ved at Jesus gjerne kunne ha tala inn i den komande kyrkjesituasjonen. Er han ikkje Guds son så han kjenner alle våre tider og det som skal møte oss?

Disippelfellesskapet

Versa våre handlar om disippelfellesskapet som samlast og som ber. Løftet knytt til bøna er sterkt, og kviler i løftet om Jesu nærvær hos sine. Uttrykk som “blir samde om å be om”, “be i Jesu namn” eller “be etter Hans vilje” er nært knytte til løfta om bøn hos Jesus. Når Jesus

seier “er samde om” (v.19), knyter det kanskje til nettopp til dette at fellesskapet om Jesus søker hans vilje. Fellesskapet kler vekk den verste sjølvsentringa i bøna ved at vi søker Guds vilje saman.

“I Jesu namn” (v.20) er enda sterkare. Det plasserer for det første Jesus i sentrum av fellesskapet – og bøna. I semittisk tradisjon er namnet likevel meir enn vi til dagleg tenker. Namnet representerer personen på ein slik måte at når vi brukar det, plasserer vi heile personen framfor oss.

Til preika

Årets preiketekst legg ikkje så mykje vekta på Jesu namnedag som på fellesskapet av oss om ber Jesu namn. Heilt sidan Apg 11 har vi blitt kalla “kristne” fordi vi følgjer Jesus Kristus, eller “messianske” fordi vil følgjer Jesus Messias. Det er jødane sin Jesus Messias som knyter oss saman, jødar og heidningar, og som gjer oss til eitt folk.

Nyttårsdag viser oss vegen inn i 2013 som ein bønear. Det høvet må vi nytte som predikantar. Bøna opnar for kva Gud kan gjere, og er det noko vi kan minne folk om på nyttårsdag, er det Guds vilje og Guds makt. Aller mest gjeld dette Guds evige vilje til frelse. Ber vi i Jesu namn, ber vi i namnet til han som alt anna enn tilfeldig ber namnet “Herren frelser”. Det er det som er sjølv saka: “Han som vil at alle menneska skal blir frelst og lære å kjenne sanninga” (1 Tim 2,4). Det seier Paulus i eit avsnitt som innleiar med oppmodinga til bøn for alle menneske.

Dette kan vi aldri lage matematikk av. Guds vegar er så mykje høgare enn våre at vi får overlata resultatata til Han. Likevel skal vi i alle fall vere frimodige til å minne Gud om dei løfta han har gitt til bøn, og om den viljen til frelse for alle som er openberra i Jesus Messias. Av alle mine konkrete bønemne, er det ingen Gud så klart uttrykker sitt ja til som dette: At dei må bli frelst. Det gjeld Jesu eige folk, jødane (Rom 10,1), og det gjeld alle oss som er av heidningætt (2 Pet 3,9). La oss gjere 2013 til eit bønear, og bruk høvet som forkynnar til å kalle alle Jesu etterføljarar inn i dette privilegiet og denne djupe og sterke tenesta som han har lagt på oss i fellesskap. De betyr at gudstenesta også må legge stor vekt på bøn for det jødiske folket, for vårt eige folk og for folkeslaga i forbønsdelen. Ikkje berre nyttårsdag, men alle søndagar, slik at dei truande tar det med seg i sine bønoliv alle dagar.

Fellesskapets år

Nyttårsdagen viser oss også vegen inn i 2013 som fellesskapets år. Eg ber på ei grunnleggande overtyding om at evangeliseringsoppdraget berre kan fullførast i fellesskap. “If you want to go fast, go alone. If you want to go far, go together,” seier nokre av våre afrikanske venner til oss som norsk misjon. Ordtaket er verd å grunne på. Vestlege tankemønster er blitt grunnleggande individualistiske. Det må utfordrast. Bibelens tankemønster tar utgangspunkt i folket som Guds folk. Vi som høyrer Jesus til, er ein kropp, eit tre, eit tempel. Vintreet og templet er velkjende bilde også på Israel. Her blir einskap understreka, dessutan livsfellesskap og frukt og det å tilhøyre kvarandre. Dette store misjonsperspektivet som sameinar jødar og heidningar, ligg også i lesetekstane og samlar seg i Rom 10,13 om at kvar den som kallar på Jesu namn – d.e. på Jesus sjølv - skal bli frelst. Her er det ingen skilnad på “jøde og grekar” (v.12).

Slik fellesskap på tvers av menneskeleg ulikskap må oppmuntrast lokalt. Særleg skal vi merke oss Jesu oppvurdering av det vesle fellesskapet. Jesus viser til eit fellesskap av dei truande som går utover gudstenesta og den store helgesamlinga, og som gjeld like mykje når

der er få som når der er mange som følger han i eit område. Saman med Jesu sjokkerande positive omtale av borna og hans inkludering av “tollarar og syndarar”, viser teksta oss eit rike der verdiar og maktforhold blir snudd opp ned. Kvar og ein betyr så mykje at fellesskap av to er nok, så lenge Jesus er sentrum og alle vi andre er likt tilordna han.

Skulle eg driste meg til eit forslag på ein enkel preike-disposisjon, kunne den vere slik:

- 1) Nytt år i Jesu namn
- 2) Bøn i Jesu namn
- 3) Fellesskap i Jesu namn

God preike!!

Rolf Kjøde

generalsekretær i Normisjon

rolf.kjode@normisjon.no